



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

ÅRSMELDING 2025

Årsmøte i Eivaldgjerde
torsdag 12.mars 2026 Kl.19:00



Garnfiske med barnehagen i Nybøstrondi

Jakt-, fiske- og friluftlivsglede til alle – for alltid!

ÅRSMØTE

I Eivaldgjerde 12.mars 2026 kl.19:00

SAKLISTE:

1. Konstituering av møtet.

- Godkjenning av innkallinga.
- Godkjenning av sakliste.
- val av ordstyrar.
- val av sekretær.
- val av to medlemar til å underskrive protokollen.

2. Årsmelding.

3. Revidert rekneskap.

4. Innkomne saker.

5. Årsplan-aktivitetar 2026.

6. Styret sitt forslag på medlemskontigent i 2027.

- låg sats for hoved- og familiemedlem.

7. Val

- Styret.
- Utvalsmedlemmar.
- Revisorar.
- Valnemd.

8. Val av 3stk representantar til årsmøte NJFF Sogn og Fj.

Forslag frå styret: Frode Ølmheim, Jakob Holen Eikeland

Etter årsmøte vert det enkel severing.

Leikanger Jakt- og Fiskelag

ÅRSMELDING 2025

Styret har i 2025 vore samansett som følgjer:

Leiar:	Svein Inge Lundheim
Nestleiar:	Ole Simen Nesdal
Økonomiansvarleg:	Sverre Fjøsne
Sekretær:	Kjell Erik Strand
Kvinnekontakt:	Camilla Njøs
Leiar jaktutval:	Bjarne Sjøthun
Leiar fiskeutval:	Eivind Røysum
Leiar skyteutval:	Erik Svangstu
Leiar barn- og ungdomsutval:	Kim Vidar Bakken
Leiar hundeutval:	Odd Rune Våge
1.Varamedlem:	Kristian Slinde
2.Varamedlem:	Frode Ølmheim
3.Varamedlem:	Rune Wolff

Ved årsskiftet hadde laget 325 medlemmer. Det er ein auke på 8 medlemmar i 2025. Årsaken til auken er mange innmeldingar i forbindelse med jegerprøven.

Møter, kurs og samlingar:

18.januar var Frode Ølmheim og Rune Wolff med på «*feltkontrollørkurs*» i Aurland.

24. -25. januar var det jentesamling på Hafslo. Desse var med: Camilla Njøs, Inger Ness, Ingeborg Sivertstøl, Elin Anita Gjerde og Cecilie Sørli.

15.-16. mars: Camilla Njøs deltok på «*grunnkurs jakthund*» på Skei.

Årsmøte til Leikanger jfl den 20.mars, var arrangert i skyttarhuset i Eivaldgjerde med 18 medlemmar.

28.-29.mars: Årsmøte NJFF-Sogn og Fjordane og tillitsvalgsamling på Skei. Desse var med: Bjarne Sjøthun, Frode Ølmheim og Jakob Holen Eikeland.

6.-8.juni: Camilla Njøs deltok på «*Instruktørkurs jakthunddressur*» i Førde.

Leikanger jfl har vore representert i NJFF-Sogn og Fjordane i året som har gått. Frode Ølmheim er 2.vara til styre, Atle Lunde er medlem i jaktskyttarutvalet og Jakob Holen Eikeland medlem i jaktutvalet.

Bjarne Sjøthun er medlem av rådet for Leikanger Frivilligsentral.

Generelt:

Også i 2025 kan me konstantera at covid-19 har slept taket og aktivitetane går som normalt utan avlysingar. Mesteparten av inntektene har kome i form av tilskot til ulike aktivitetar, sjå nedanfor.

Gåver, tilskot og dugnadsinntekter:

Ei stor takk til våre samarbeidspartnarar som me har fått tilskot/støtte frå:

• Norsk Tipping - Grasrotandelen	33 281,-kr
• Mva-kompensasjon	23 807,-kr
• Overskot jegerprøven	78 057,-kr
• Kulturmidlar – Sogndal Kommune	20 100,-kr
• Leikanger Frivilligsentral – SommarMoro og rekrutteringskyting/duell	24 944,-kr
• NJFF – Medlemskontigent	20 639,-kr
• NJFF - Friluftaktivitet for personar med innvandrarakgrunn	7 143,-kr
• NJFF - Introjakt (3.dagar)	9 735,-kr
• NJFF - Jakttskyttarskule	15 000,-kr
• NJFF- «Fiskesommer»	8 000,-kr
• NJFF- Frifond - Barn- og ungdomsaktivitetar i 2025/26	56 888,-kr
• NJFF- Jenteaktivitetar (rifl- og hagleskyting)	5 250,-kr
• NJFF- Instruktørkurs jenter (jakhunddressur)	2 500,-kr
• NJFF - Familiaktivitetar	15 000,-kr

I tillegg vil laget rette ei stor takk til E. Røysum, Osland Havbruk, Lerum, Sogn Elektro og andre bedrifter som bidreg med støtte til lagsarbeidet vårt.

Nødvendige innkjøp og utgifter:

- Hjorteløyver i Huksdalen (9 løyver)	27 000,-kr
- Leirduer (16800stk)	38 320,-kr
- Div. fiskeutstyr (fiskesommer, barnehagen og SomarMoro).	24 525,-kr
- If-forsikring.	24 140,-kr
- Utdanning jakthundgrunnkurs og instruktør-jakhunddressur.	11 769,-kr
- Utdanning av 2stk feltkontrollørar.	4 979,-kr
- Regnbogeaunar (20stk) til røyking.	9 171,-kr
- Lasarskrivar.	2 689,-kr
- Dressurhalsband	4 300,-kr
- Grus/pukk til parkeringplass på Engjasete (jaktfelt)	13 037,-kr
- Robotstøvsugar	3 789,-kr
- Sogn Elektro a/s (nye led-taklys)	18 750,-kr
- Sogn Røyr a/s (div. røyrleggjararbeid)	2 678,-kr

Kurs, trening og konkurransar:

- Jegerprøven (44stk)
- Ladekurs rifleskot
- Kurs i fuglekasse bygging.
- Predatorkonkurranse.
- Jaktfeltstemne på Engjasete.
- Hagleskyting.
- Jakttskyttarskule hagle (10 kveldar).
- «Indre Sogn cup» jegertrapstemne 50skot.
- Blodspor – kvelsprøve (8 stk deltakarar)
- Aversjondressur vår/haust
- Blodspor AK- bevegeleg (8stk)
- Ferskspor FSP- bevegeleg (8stk)
- Åtejakt på rev og grevling.
- Fellefangst på mår og røysekatt.
- Vårsprellen- sjøfiskekonkurranse.
- Fiskekonkurranse på Fjærlandsete.

- Rekrutteringskyting.
- Duellen (hagle-rifle)
- Hjortejakt-opplæringsjakt.
- Intro-hjortejakt (3 gonger)

På leirduebana har det vore arrangert «jaktskyttarskule». Det har vore gjennomført skyting med vanleg jegertrap og sporting. Instruktørar og standplassansvarlege på leirduebana har vore Erlend Loftesnes Røysum, Erik Svangstu, Frode Ølmheim, Kristian Slinde, Ole Simen Nesdal, Per Norstein, Oliver Prøven og Joakim Langeteig.

På hausten var det jeger trening leirduebane med jegertrap og sporting.

Det var 2 eigne skytekveldar på leirduebana og 3 kveldar på 100m i Eivaldgjerde for jente/damer. Rifleinstruktørar på 100m var: Bjarne Sjøthun, Frode Ølmheim, Erlend L. Røysum, Odd Rune Våge, Jakob Holen Eikeland og Ole Simen Nesdal.

Det vart arrangert 3 samlingar med aversjondressur. Ein hjå Erling Gjerde om våren og to i Skahaug/Dalene hjå Bjørn Hagen og Roger Gåserud om hausten. I tillegg har det vore enkle turar i utmark. Instruktørar har vore Kurt Langeteig, Bjarne Sjøthun, Thomas Hagen Moene, Øyvind Husabø og Frode Ølmheim.

På fiskekonkurransen på Fjærlandsete fekk Gjermund Høgheim mest med 15stk.

Thor Arne Husum fekk den største auren på 320gr.

I juniorklassen fekk Ayla C. Sjøthun mest med 8 stk. Gjermund Høgheim fekk den største auren på flugestong som vog 300gr. Det var og det 1. nappet i vandrepokalen «*flugefiskaren*».

På vårsprellen vart Gisle Njøs Storøstevik vinnar i seniorklassen (land) med ein fangst på 955gr. Cecilie Gjeringbø vart vinnar av juniorklassen (land) med ein samla fangst på 415gr.

Ulrik Søhoel vart vinnar juniorklassen (båt) med ein samla fangst på 1100gr. Ulrik Søhoel fekk også den største fisken, ein lyr på 750gr. Det gav han også det andre nappet i vandrepokalen for «*størst fisk*»

I duellen vart Frode Ølmheim «*Systrond`s beste skyttar*» med 47 poeng og det var det 2. nappet hans i vandrepokale. På leirduebana vann Frode Ølmheim med 22 treff. På 100m vann Kjell Næss med 250p. Leikanger Jakt- og Fiskelag vann lagkonkurransen med 290 poeng og fekk det 5.nappet i vandrepokalen som gav vandrepokalen til «*odel og eige*»

«Indre Sogn Cup» vart vunnen av Frode Husum med 91 treff.

Lagsmeister i jegertrap vart Joakim Langeteig med 21 treff og lagsmeister i sporting vart Erik Svangstu med 17 treff.

13. april arrangerte Leikanger jfl feltstemna på Engjasete med heile 87 deltakarar. Beste skyttar vart Jørn Kåre Kvamme (kl.JA) frå Flora jff med 148p.

Beste skyttar frå Leikanger jfl vart Martin Venes Pettersen (kl.JB) med 146p. (2.pl. totalt).

I pridatorkonkurransen vart Rune Røysum nr.1 med 280p. (1 rev, 3 mår, 4 kråker), Johan Gjerøw vart nr.2 med 220p. (4 rev, 1 kråke) og Bjarne Sjøthun nr 3 med 150p (3 rev). Premiane var gåvekort hjå Erling Røysum a/s på 1300,-kr, 1000,-kr og 700,-kr. Det vart også gåvekort på 500,-kr til dei 2 siste på lista, Martin Merkesvik og Kari Tufte Husabø. Premiane vart sponsa av Erling Røysum a/s , Systrond Grunneigarleg og Leikanger Jakt- og Fiskelag med 1/3 på kvar.

På grunn av fredingen av småviltjakten, vart det liten eller ingen interesse for predatorjakt.

3.april vart det arrangert kveldsprøve på blodspor. Det var 4 deltakarar i AK-klassen og 4 deltakarar i EK-klassen. Vinnar i AK-klassen vart *Enso av styrkargarden* med 1.pr. Førar og eigar: Hermund Farnes og vinnaren i EK-klassen vart *Winton of fire -Vipps* med 97poeng. Førar og eigar: Elin Anita Gjerde. Dommarar var Jan Inge Skjerven, Morten Norheim og Roald Lunde.

Medlemar som er ettersøksekvipasjar i *Sogndal ettersøkslag*: Odd Rune Våge med Aura og Alma Basta og Roald Lunde med Skogsvarten's Pippi.

Det har vore gjennomført 8 bevegelege blodspor og 8 bevegelege ferskspor. Dommarar har vore Odd Rune Våge, Roald Lunde og Elin Anita Gjerde.

Jaktprøvar, sporprøvar og utstillingar for hundar:

Sporprøvar:

N SE DK UCH N BS CH Alma Basta: frå Sogndalosen. EK med 95poeng prøvens 2. beste hund. Førar: Odd Rune Våge. Eigar: Odd Rune Våge og Ingeborg Sivertstøl.

Winton kisses of fire- Vipps: EK Leikanger jfl 97 poeng. EK Nordhordaland jfl 89 poeng. Eigar og førar: Elin Anita Gjerde.

Fjordgløtt cream drem- Candy: Nr3 i EK Leikanger jfl med 93 poeng og NORSK VILTSPOR CHAMPION. 87poeng EK Nordhordaland jfl. Svensk Viltspor Champion.

Eigar og Førar: Elin Anita Gjerde.

Utstillingar:

N SE DK UCH N BS CH Alma Basta: frå Sogndalosen. 2 utstillingar i Roskilde, Danmark: Dansk Championat og VikingVinner 25. CACIB og BIR.

Winton kisses of fire- Vipps: Fleire CK på utstilling og Best in Show Brukshunt.

Fjordgløtt cream drem- Candy: Fleire CK og BIM plasseringar.

Instruktørar, dommarar, kontrollørar og taksørar:

Jegerprøveinstruktør: Ole Simen Nesdal, Håkon Nesse, Per Norstein, Kim Vidar Bakken, Odd Rune Våge og Oliver Prøven.

Småvilttaksør: Kim Vidar Bakken.

Hagleinstruktør: Kristian Slinde, Ole Simen Nesdal, Erlend Loftesnes Røysum og Frode Ølmheim.

Rifleinstruktør: Bjarne Sjøthun, Odd Rune Våge, Erlend Loftesnes Røysum, Frode Ølmheim, Erik Svangstu, Per Norstein og Jakob Holen Eikeland.

Instruktørar aversjondressur: Kurt Langeteig, Bjørn Monsen, Bjarne Sjøthun, Frode Ølmheim, Øyvind Husabø, Thomas Hagen Moene og Robert Brenden.

Ettersøksdommar: Elin Anita Gjerde, Odd Rune Våge og Roald Lunde.

Feltkontrollørar: (*Knytta til hjortejakten i Huksdalen*) Bjarne Sjøthun, Ole Simen Nesdal, Rune Wolff og Frode Ølmheim.

Utdanning av nye instruktørar:

Grunnkurs jakthund: Ingeborg Sivertstøl, Odd Rune Våge, Bjarne Sjøthun, Thomas Hagen Moene, Frode Ølmheim, Øyvind Husabø og Camilla Njøs.

Dressur instruktør: Ingeborg Sivertstøl og Camilla Njøs treng aspirantarbeid for å bli godkjent som instruktør i dressur.

Dugnad på Kleppabu:

På *kleppabu* har det vore utskifting av taklysa til ledlys. Arbeidet vart gjort på dugnad av Alexsander Slinde og Ole Stadheim som arbeider for Sogn Elektro AS.

Sogn Elektro AS sponsa ledlysa til innkjøpspris.

Andre aktivitetar:

Også i 2025 er ei lang rekke meir eller mindre tradisjonsrike arrangement gjennomført.

Desse er lista opp under.

Leikanger jfl har fortsatt «*partnerskapsavtale*» med alle 3 barnehagane i Leikanger.

Aktivitetane som inngår i avtalen er garnfiske i Sognefjorden om hausten og fiskedag på Nybøstronda om våren, der alle barna fekk utdelt kvar si nye haspelstang frå jakt- og fiskelaget gratis.

Leikanger jfl har også inngått ein «*partnerskapsavtale*» med 7.klassen i Leikanger barneskule.

Aktivitetane som inngår i avtalen er garnfiske i Sognefjorden om våren og stangfiskedag i småbåthamna om hausten.

Den årlege stenden på «Fruktbare dagar» er svært populær og me deler ut mykje gratis smaksprøvar av vilt og fisk.

Når mange av desse aktivitetane går på dagtid er det godt å ha ivrige pensjonistar og andre i medlemsrekkene som stiller opp og hjelper til. Desse var med på aktivitetane som er lista opp under: Åsmund Espe, Andor Orrestad, Per Harald Søvik, Sverre Fjøsne, Bjarne Sjøthun, Kjell Erik Strand, Per Norstein, Harry Eggum, Sverre Fossen, Arne Rosenlund, Arnstein Hauge, Audun Borlaug, Arthur Røysum, Kjetil Berg, Sven Erik Vestby, Rune Wolff, Kolbjørn Nord, Steinar Næss, Svein Inge Lundheim, Gisle Njøs Storørstevik, Inger Ness, Jomar Leirdal, Eivind Røysum, Torbjørn Hasund, Kim Vidar Bakken og Ole Simen Nesdal.

- Fiskedag med barnehagen i Pilavika. (Partnerskapsavtale).
- Garnfiske med barnehagen. (Partnerskapsavtale).
- Garnfiske med 7.klassen. (Partnerskapsavtale)
- Stangfiske med 7.klassen. (Partnerskapsavtale)
- Livet i Pilavika.
- Fuglekassebygging.
- Natur- og viltsti.
- Fiskesommer i småbåthamna: verving og utdeling av gratis fiskeutstyr til barna.
- SommarMoro og fiskedag for personar med innvandrarbakgrunn.
- Stend på «Fruktbare dagar»

Det vart arrangert ein fiskedag med grilling i småbåthamna for heile familien ved Sogndal asylmottak (Knausen). Hero Norge AS som driv Sogndal asylmottak sette krav om at dei som skulle vera med frå jakt- og fiskelaget måtte ha «politiatest». Desse skaffa seg «politiatest»: Per Norstein, Svein Inge Lundheim, Harry Eggum, Åsmund Espe, Kjell Erik Strand, Sven Erik Vestby, Arnstein Hauge, Audun Borlaug og Bjarne Sjøthun.

Andre tilbod til medlemmene:

Regnbogeurane som me kjøpte hjå Osland Havbruk vart salta og røykt av Kjetil Berg og delt ut til styremedlemar, instruktørar, aktive pensjonistar og andre til jul.

Store rabattar på leirduebana. Ordiner pris på ein serie skot og duer er 132,50kr.

Medlemsprisar: Senior (f.o.m.20år)100,-kr, junior (t.o.m.19år) 60,-kr

Prisar på jaktskyttarskulen (kun medlem) senior 60,-kr og junior 40,-kr

Total prisrabatt for medlemmane vart 15 720,-kr

Aluminiumbåten som Leikanger jfl fekk tildelt av NJFF, har i 2025 vorte brukt i 29 dagar.

Båten ligg på båtplass nr.83 i vestre hamn i småbåthama.

Leikanger jfl fekk også i år tilbod på 9 stk hjorteløyver av grunneigarane i Huksdalen, som me kjøpte. Det var gratis å jakta for medlemmane og dei får også førsteretten til kjøpa kjøtet til ein remeleg pris. Det vart jakta nesten kvar helg frå september og fram til jul av ca.10-12 jegrar og

alle dyra vart skotne. Alt kjøtet er selt til jegrane, medlemar og andre. Det vart arrangert «Introjakt» 3 gonger med ca 8 deltakarar kvar gong. Det vart også arrangert eigen jakttag for jenter. Hjortejakten i Huksdalen er godt egna til jaktopplæring. I år fekk heile 4 stk sin første hjort.

I 2025 var det var 12 overnattingar inkl. dugnad i Trastadalshytta. Det vart gjort div. dugnadsarbeid på hytta ved Kjetil Berg og Steinar Røysum.

Lagshytta, grillhytta og leirduebana har vore leigt ut både til medlemmer, bedrifter og andre.

Samlinga av utstoppa dyr og fuglar i lagshytta på Kleppa består av: jerv, oter, raurev, gråspett, mår m/gauk i kjeften, sporvehauk, kattugle, tiur, nøtteskrike, 2 røysekattar, 2 dompappar, grønfinke, storskarv, smålom, fossefall, 2 liryper, ravn, skjor, hornugle, orrhane, ekorn, siland, hjortekalv, kråke, orrhøna, grønspekk, nøttekråke, grevling, pinnsvin, hoggorm, hønsehauk og bogmontert 14 taggar kronhjort.

Utvala i 2025

FISKEUTVALET

Leiar: Eivind Røysum

Medlem: Oliver Prøven

Medlem: Kjetil Berg

Medlem: Andor Orrestad

JAKTUTVALET

Leiar: Bjarne Sjøthun

Medlem: Per Olav Henjum

Medlem: Per Norstein

Medlem: Tom André Husabø

SKYTEUTVAL

Leiar: Erik Svangstu

Medlem: Per Norstein

Medlem: Frode Ølmheim

Medlem: Erlend Loftesnes Røysum

BARNE- OG UNGDOMSUTVAL

Leiar: Kim Vidar Bakken

Medlem: Jomar Leirdal

Medlem: Inger Ness

Medlem: Gisle Njøs Storøstevik

HUNDEUTVALET

Leiar: Odd Rune Våge

Medlem: Kurt Langeteig

Medlem: Vidar Frækaland

Medlem: Elin Anita Gjerde

LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

REKNESKAPEN 2025

	2025	2024	2023	2022
UTGIFTER				
Medl.kontingentar	2 800,00	2 800,00	300,00	2 798,00
Kurs/møter/seminar/samlinger	45 534,47	36 149,21	39 414,83	20 732,50
Trastadalshytta	2 078,25	0,00	862,00	11 197,38
Drift leirduebane	68 303,03	100 403,94	36 706,24	77 775,00
Drift lagshytte	28 191,85	24 639,84	135 297,52	26 372,45
Nybygg/dugnadsarbeid	19 866,00	13 327,88	56 723,44	0,00
Jakt og fangst	39 768,06	32 999,64	34 602,87	37 307,70
Barn/ungdoms/familieaktivitet	39 107,95	26 373,02	24 528,30	18 806,24
Fiske-, hund- og jenteaktivitetar	14 445,25	2 637,80	7 498,75	6 750,00
Diverse utgifter	86 190,81	88 207,27	113 571,69	50 794,05
Sum utgifter	346 285,67	327 538,60	449 505,64	252 533,32

INNTEKTER

Medl.kontingentar	20 639,00	18 035,00	16 260,20	12 130,00
Kurs/møter/seminar/samlinger	112 150,00	81 260,00	70 870,00	36 500,00
Trastadalshytta	2 000,00	1 500,00	2 000,00	2 397,90
Drift Leirduebane	74 270,84	70 706,17	26 335,10	25 281,62
Drift lagshytte	8 890,62	3 076,79	4 764,74	15 000,00
Nybygg/dugnadsarbeid	0,00	38 412,00	0,00	0,00
Jakt og fangst	49 060,00	32 848,00	24 110,00	38 818,25
Barn/ungdoms/familieaktivitetar	121 556,50	110 267,00	86 950,50	92 636,00
Fiske-, hund- og jenteaktivitetar	27 380,57	20 355,80	21 797,79	11 811,75
Diverse inntekter	44 742,00	54 117,90	24 398,90	16 481,00
Sponsor/Gaver/Norsk tipping	30 609,28	27 511,58	24 998,69	57 985,56
Sum inntekter	491 298,81	458 090,24	302 485,92	309 042,08

Overskot/Underskot	145 013,14	130 551,64	-147 019,72	56 508,76
---------------------------	-------------------	-------------------	--------------------	------------------

AKTIVA PR 31.12.2025

SpareBank 1 Sogn og Fjordane	775 424,01	630 410,87	500 610,73	635 668,45
Flugestenger, haspelstenger og div.fiskeutstyr	11 700,00	13 000,00	13 648,00	15 165,00
Skot, duer, premiar, artiklar for sal	135 082,00	144 473,00	129 503,50	174 126,00
3 stk lavvo, div.leirutstyr, feller og flugebittingutstyr	9 450,00	10 500,00	11 057,00	12 285,00
Lagshytte, 3 stk kastarhus, vedhus-lager og grillhytte	1 930 000,00	1 930 000,00	1 930 000,00	1 930 000,00
Leirduekastarar m/ utstyr, omformarar (220/24V)	207 000,00	230 000,00	234 000,00	260 000,00
Videospelar, overhead, stativ, lerret, vakum, laminering	2 700,00	3 000,00	3 600,00	4 000,00
DVD, 1 stk projektorar, høgtalaranlegg, skrivar/kopi, 2 stk PC	8 100,00	9 000,00	9 900,00	11 000,00
7 stk hagler, luftgevær, salong	38 700,00	43 000,00	43 000,00	19 000,00
Utstoppa dyr og fuglar	350 000,00	385 000,00	364 000,00	350 000,00
2 stk el-halsbånd, 2 stk viltkamera, 2 jaktradio	16 900,00	14 000,00	5 400,00	6 000,00
Boggihengar, Quicktelt 3 x 6m. Quicktelt 3 x 3m	36 450,00	40 500,00	22 500,00	25 000,00
Sjøbod, Båtplass, 4hk. påhengsmotor	140 000,00	140 000,00	140 000,00	140 000,00
Sum aktiva	3 661 506,01	3 592 883,87	3 407 219,23	3 582 244,45

NB ! Konstnader ved bruk av VIPPS utgjør for 2025 kr. 966,47 (Vipps-omsetning er kr. 55.215,-)

Signatur Kasserar: *Sven Erik Vestby*

Signatr Revisor: *Sven Erik Vestby*

Stad / Dato: *Hamarsvørre, 4/2-26*

Stad / Dato: *Hamarsvørre 18.2.26*

GODKJENT



Planlagde aktiviteter i 2026

- 11.-18.-25.februar: Ladekurs rifleskot.
- Åtejakt på rev og grevling.
- 1.mars: Isfisketur til Dalavatnet.
- 5.mars: Fuglekassebygging.
- Trening rifleskyting på skytebana.
- 13.-15.mars og 20.-22mars: Jegerprøven.
- 1.april: Oppstart ny predatorkonkurranse.
- 12.april: Jaktfelt på Engjasete.
- Jakttskyttarskule: hableskyting (10 gonger)
- Jenteskyting med hagle og rifle.
- 24.-26. april: Kvelpekurs.
- Leirdueskyting onsdagar etter påske.
- 3.mai: Natur- og viltsti.
- 10.mai: Livet i Pilavika.
- 19. mai: Fiskedag i Nybøstrondi med barnehagen.
- 27.-28.mai: Garnfiske med 7.klassen.
- mai: Aversjondressur.
- Kveldsprøve blodspor.
- 31.mai: Indre Sogn Cup (50 skot jegertrap)
- 7.juni: Vårsprellen.
- 14.juni: Fiskesommer.
- Bevegeleg blod- og ferskspor.
- 30.juni: SommarMoro. (Frivilligsentralen)
- 30.juni: Fiskedag med personar med innvandrarbakgrunn.
- AugustFiskedag med Sogndal asylmottak.
- Jegertrening på leirduebana.
- 8.august: Fiskekonkurranse på Fjærlandsete.
- 15.-16.aug: Rekrutteringsskyting og duell
- Kråkejakt/kråkefella.
- Ivaretaking av felt vilt.
- Soppkurs.
- Sep/des: Hjortejakt-opplæringsjakt.
- 19.sep, 17.okt, 14.nov: Introjakt - hjortejakt.
- 16.-17.sep: Garnfiske med barnhagen.
- 22.sep: Stangfiske i Sognefjorden med 7.klassen.
- 3.okt: Stend på «Fruktbare dagar».
- Sep/okt: Aversjondressur.
- Fellefangst.

Styret og tillitsvalde i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2025

Forklaring: A = på val 2026 (2 års periode) B = ikkje på val 2026

Styret:

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag:	Telefonnr.:
A (1år)	Leiar	Svein Inge Lundheim	attval	90605267
A	Nestleiar	Ole Simen Nesdal	Frode Ølmheim	99607677
A	Økonomiansvarleg	Sverre Fjøsne	attval	90639848
B	Sekretær	Kjell Erik Strand		95191905
A	Kvinnekontakt	Camilla Njøs	attval	97092790
B	1.varamedlem	Kristian Slinde		97701905
A	2.varamedlem	Frode Ølmheim	Ole Simen Nesdal	41909707
B	3.varamedlem	Rune Wolff		95176553

Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun	attval	90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum	attval	91333305
B	Medlem	Per Norstein		48182680
B	Medlem	Tom André Husabø		90886304

Fiskeutval:

B	Leiar	Eivind Røysum		95927891
A	Medlem	Oliver Prøven	attval	41425383
B	Medlem	Kjetil Berg		90277167
A	Medlem	Andor Orrestad	Steinar Husum	90061485

Skyteutval:

B	Leiar	Erik Svangstu		91561139
A	Medlem	Per Norstein	Viljar Brekke	48182680
A	Medlem	Frode Ølmheim	attval	41909707
B	Medlem	Erlend L. Røysum		95870045

Barn- og ungdomsutval:

A (1år)	Leiar	Kim Vidar Bakken	attval	45255241
B	Medlem	Jomar Leirdal		91842974
A	Medlem	Inger Ness	Silje Pettersen	92870410
B	Medlem	Gisle Njøs Storøstevik		41160803

Hundeutval:

B	Leiar	Odd Rune Våge		41295025
B	Medlem	Kurt Langeteig		95089899
A	Medlem	Vidar Frækaland	Øyvind Husabø	95103226
A	Medlem	Elin Anita Gjerde	attval	90953233

Hytteansvarleg:

A (2år)	Leiar		Svein Inge Lundheim	
A (2år)	Medlem		Sverre Fjøsne	
A (2år)	Medlem		Kjell Erik Strand	

Revisor:

A		Sven Erik Vestby	attval	99252281
B		Åsmund Espe		90154551


Valkomite:

A (1år)	Leiar	Ingvald Husabø	Camilla Njøs	41556223
A (2år)	Medlem	Camilla Njøs	Jakob Holen Eikeland	97092790
A (3år)	Medlem	Jakob Holen Eikeland	Eirik Husabø	99257934



Medlemsutvikling 2004 - 2025

Leikanger Jakt- og Fiskeklag





Årsmøtereferat Leikanger Jakt- og Fiskelag

12.mars 2026 kl.19:00 i Eivaldgjerde.

Desse var med:

Svein Inge Lundheim, Ole Simen Nesdal, Sverre Fjøsne, Frode Ølmheim, Rune Wolff, Per Norstein, Silje Pettersen, Odd Rune Våge, Harry Eggum, Jan Ole Reksnes, Kjell Erik Strand (11 stk.)

SAKLISTE:

1.Konstituering av møte.

- Godkjenning av innkalling.
Godkjend.
- Godkjenning av sakliste.
Godkjend.
- Val av ordstyrar.
Ordstyrar: Svein Inge Lundheim
- Val av sekretær.
Sekretær: Kjell Erik Strand
- Val av 2 til å underskrive protokollen.
 1. Ole Simen Nesdal
 2. Rune Wolff

2. Årsmelding 2025.

Godkjend.

3. Revidert rekneskap 2025.

Godkjend.

4. Innkomne saker

Ingen saker.

5. Årsplan – aktiviteter i 2026.

Godkjend.

6. Medlemskontigent 2027.

Låg sats for hoved- og familiemedlemskap.

7. Val.

Innstilling frå valnemnda:

Styret:

Leiar:	Svein Inge Lundheim	attval(for 1 år)
Nestleiar:	Frode Ølmheim	ny
Kasserar:	Sverre Fjøsne	attval
Kvinnekontakt:	Camilla Njøs	attval
2.vara:	Ole Simen Nesdal	ny

Jaktutval:

Leiar:	Bjarne Sjøthun	attval
Medlem:	Per Olav Henjum	attval

Fiskeutval:

Medlem:	Oliver Prøven	attval
Medlem:	Steinar Husum	ny

Skyteutval:

Medlem:	Frode Ølmheim	attval
Medlem:	Viljar Brekke	ny

Barne- og ungdomsutval:

Leiar:	Kim Vidar Bakken	attval (for 1år)
Medlem:	Silje Pettersen	ny

Hundeutval:

Medlem:	Elin Anita Gjerde	attval
Medlem:	Øyvind Husabø	ny

Revisor:	Sven Erik Vestby	attval
-----------------	------------------	--------

Hytteansvarleg:

Leiar:	Svein Inge Lundheim	(2år)
Medlem:	Sverre Fjøsne	(2år)
Medlem:	Kjell Erik Strand	(2år)

Innstilling frå styret på valnemnd:

Leiar :	Camilla Njøs	(1år)
Medlem:	Jakob Holen Eikeland	(2år)
Medlem:	Eirik Husabø	(3år)

Alle val vart gjort i samsvar med innstilling frå valnemnda.


8. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.


Frode Ølmheim, Jakob Holen Eikeland

Årsmøtet slutt kl. 20:00

Servering av karonadesmørbrød etter årsmøte.

Underskrift:


Ole Simen Nesdal


Rune Wolff